


ÅRSRAPPORT | 2022

Trygg Trafikk Vestland



TRYGG TRAFIKK

Trygg Trafikk arbeider for å oppnå **best mogleg trafikktryggleik for alle**. Mange er opptatt av tryggleik i samferdselssektoren, men Trygg Trafikk er **den einaste aktøren som berre arbeider med trafikktryggleik**.



TRYGG TRAFIKK

ÅRSRAPPORT VESTLAND 2022

REDAKTØR: Knut Olav Røsland Nestås

KORREKTUR: Nye Tillen

DESIGN: October Design AS

ILLUSTRASJONAR: Torgrim Nærland

FOTO: Trygg Trafikk

www.tryggtrafikk.no

INNHALD

Dette er Trygg Trafikk.....	4
Omkomne i vegtrafikken	5
Trafikktryggleik for barn og ungdom.	6
Ansvarlege og kompetente trafikantar	11
Trafikktryggleik som samfunnsansvar.....	14
Økonomi og finansiering	17
Framtidige behov og moglegheiter.....	18

TRYGG TRAFIKK I VESTLAND

Trygg Trafikk sitt arbeid i Vestland byggjer på Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2022–2025, Trygg Trafikk sin Strategi 2022–2030 og Handlingsplan for 2022, i tillegg til fylkeskommunen sitt eige planverk for trafikktryggingsarbeidet, som inkluderer Regional transportplan og Handlingsprogram for trafikktrygging 2022–2025.

Regionleiar har kontor plass i Bergen og leiar Trygg Trafikk sitt arbeid i fylket. Dei andre kontorstadene til Trygg Trafikk i Vestland er Leikanger og Voss. Faste tilsette i Vestland er lønte av Trygg Trafikk, medan aktivitetsmidlar, utgifter til kontorhald og reiseutgifter vert dekte av Vestland fylkeskommune.



REGIONLEIAR

Knut Olav Røssland Nestås

Telefon: 41 20 61 32

E-post: nestas@tryggtrafikk.no

Adresse: Postboks 7900
5020 Bergen

Medarbeidarar

Kjell Magne Seim,
spesialrådgjevar

Audun Heggstad
spesialrådgjevar (om lag 50 %
stilling på pensjonistvilkår)

SAMARBEIDSPARTNARAR

Trygg Trafikk har i løpet av eit år dialog og samarbeid med ei rekkje aktørar i Vestland, til dømes dei ulike nødetatane, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Vegtilsynet, kommunane, Den norske kyrkja, forsikringsselskap og fylkesavdelingane til frivillige organisasjonar som MA – Rusfri Trafikk, NAF, KNA, Raudekrossen, Personskadeforbundet, Syklistenes Landsforening, Norges Cykleforbund og NFF, for å nemna nokon.

TRAFIKKSİKRE KOMMUNAR I VESTLAND

Stad, Høyanger, Årdal, Solund, Gloppen, Austrheim, Vaksdal, Kvinnherad, Bømlo, Kvam og Bjørnafjorden er godkjende kommunar. Stord, Lærdal, Ulvik, Samnanger og Masfjorden er i prosess med godkjenninga.

MEDLEMAR

- Alver kommune
- Aurland kommune
- Austevoll kommune
- Austrheim kommune
- Bergen kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Bømlo kommune
- Eidfjord kommune
- Fitjar kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Kvam herad
- Kvinnherad kommune
- Lærdal kommune
- Samnanger kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Stad kommune
- Stord kommune
- Sunnfjord kommune
- Sveio kommune
- Ulvik herad
- Vaksdal kommune
- Voss herad
- Øygarden kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

Dette er Trygg Trafikk

Me syter for at barnehagar, skular og resten av befolkninga får trafikkopp-læring og informasjon om trafikktryggleik. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken.

Gjennom konseptet Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg me med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for å auka trafikktryggleiken. Trygg Trafikk jobbar òg med haldningskampanjar og med å få trafikantar til å bruka trafikktryggingsutstyr. Kompetansen og haldningane til trafikantane vil ha stor innverknad på trafikktryggleiken i mange år framover.

Samarbeidspartnar og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheiter nasjonalt og lokalt. Organisasjonen møter i Kontaktutvalet for trafikktryggleik (KTS) og har hovudansvar for, medansvar for eller er involvert i 44 tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2022–2025. Trygg Trafikk sine regionleiarar har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikktryggingsarbeidet.

Nettverksbyggjar og medlemsorganisasjon

Trygg Trafikk er ein ideell landsdekkjande medlemsorganisasjon. Me byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikktryggleiken. Medlemar i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestrafikktryggleiksutval (FTU), bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

Finansiering

På nasjonalt nivå vert Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og gjennom frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringsselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet vert finansierte gjennom tilskot frå fylka.



TRYGG TRAFIKK SINE HOVUDOMRÅDE

Trygg Trafikk har frå 2022 ein ny strategi som gjeld frå 2022 til 2030. I strategien peikar me ut tre hovudområde:

- 1.** Trafikktryggleik for barn og ungdom
- 2.** Ansvarlege og kompetente trafikantar
- 3.** Trafikktryggleik som samfunnsansvar



Ti omkom i trafikken i Vestland i 2022


Historisk sett er ti omkomne i Vestland eit lågt tal, og på nivå med året før, medan det i 2020 var berre sju omkomne. Men det er viktig å hugsa på at 2020 var eit år med det lågaste talet omkomne i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland – no Vestland – sidan i alle fall 1960. Likevel er det vanskeleg å snakka om dette som ei positiv utvikling når me framleis veit at så mange som ti omkom i Vestland i fjor.


Talet på hardt skadde er ikkje kjent enno, men erfaringstal frå tidlegare år tyder på at det skal liggja ein stad mellom femti og åtti. Det syner omfanget på utfordringa me står overfor, utan at me enno har grunnlag for å seia omfanget

på underrapporteringa av hardt skadde, som me veit er ei tilleggsutfordring.

Når me veit kva konsekvensar ei trafikkulykke fører med seg, er det også klart at alle krefter må halda fram det viktige førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Målsetjinga vår må vera å førebyggja trafikkulykker ut frå ein tanke om at trafikken er ein fellesarena for oss alle, ein arena me er avhengige av for å fungera som einskildmenneske og som samfunn. Difor vert det desto meir urettvist og meiningslaust når så mange trafikkulykker skjer, og det utgjør framleis ei omfattande samfunnsutfordring når me ser samla på skadestatistikken og talet på omkomne.

OVERSIKT OVER TALET PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2022





HOVUDOMRÅDE 1 >


Trafikktryggleik for barn og ungdom

Trygg Trafikk har eit vedtektsfesta ansvar for trafikkopplæring og samarbeider med utdanningsmyndigheiter, lærarar og foreldre. Kursverksemd og læremiddel styrkjer kompetansen i barnehage, skule og lærarutdanning. Gjennom høyringar og mediesaker bidreg me til merksemd rundt trafikktryggleik for barn og ungdom. Arbeidet er mellom anna systematisert gjennom Trafikksikker kommune. Me er pådrivar for at dei sårbare trafikantane skal vera trygge og sikre, inkludert at styresmaktene legg større vekt på omsynet til barn og unge i planlegginga av transportsystemet, både nasjonalt, regionalt og lokalt. Trygg Trafikk er ein ressurs for myndigheiter og samarbeidspartnarar, og me tar ei sentral rolle i fleire samordningsprosjekt, mellom anna i Hjartesonene og Sykkeldyktig.

Talet på trafikkulykker med barn og unge er kraftig redusert, men det er framleis trong for innsats på dette området. Trygg Trafikk vil bidra til å oppretthalda den

positive utviklinga, også for nye generasjonar. Me har for liten kunnskap om skadetel for barn som mjuke trafikantar. Barn vert feilsikra i bil og buss, og mange opplever skulevegen som utrygg. Talet på drepne og hardt skadde ungdomar har gått ned, men likevel har ungdom framleis forhøgd risiko og er representerte høgt i ulykkestatistikken. Ungdom vert eksponerte for trafikkfarlege situasjonar på fleire måtar. I byane har ein kollektivtransport i kombinasjon med at mange går, sykklar og brukar elsparkesyklar. I distrikta er bilen og andre motoriserte køyretøy, til dømes ATV/UTV, traktor og mopedbil, viktigare. Hovudsatsinga til Trygg Trafikk er trafikkopplæring retta mot alle og har til hensikt å styrkja den gode åtferda. I tillegg rettar me spesielle tiltak mot dei mest risikoutsette ungdomane.

Det er ei utfordring at trafikktryggleik ikkje alltid inngår som ein naturleg del av samarbeidet mellom heim, barnehage og skule. Gjennom utdanningssystemet når



me mange, i alle fall til og med ungdomsskolen. Me oppfordrar til systematisk trafikkopplæring med utgangspunkt i to grunngjevingar. Den eine er at barn og ungdom skal lære kva som er sikkert, og kva som er farleg, slik at dei unngår ulykker i eit kortsiktig perspektiv. Den andre er å ha eit langsiktig, førebyggjande perspektiv, etablera gode vanar og skapa ein tryggleikskultur.

Men etter ungdomsskolen er det ikkje alltid like enkelt å nå ut til ungdomane. Me kjem difor i åra framover til å ha eit ekstra blick på korleis me skal kommunisera med denne målgruppa, som eit samarbeidsprosjekt mellom avdelingane Opplæring og Kommunikasjon og kampanjar.

MÅL 1.1


Barn og ungdom skal ferdast trygt i trafikken

MÅL 1.2

Barnehagar og skular gjennomfører systematisk trafikktryggingsarbeid

MÅL 1.3

Barn og ungdom engasjerer seg i temaet trafikktryggleik



Aktivitetar i 2022

- fleire einingsmøte med barnehagar og skular i ulike kommunar i samband med Trafikksikker kommune-arbeidet
- fleire trafikkdagar ved skular, med vekt på sykling, elsparkesykkel og generell trafikk-åtfærd, der me har sendt pensjonistane Arne Aase og Kjell Sandal som TT-ambassadørar
- tett dialog med Vestland fylkeskommune og Bergen kommune om avslutninga av Hjartesone-prosjektet
- ferdigstilt ein sluttrapport frå Norconsult og ein TØI-rapport om Hjartesone-prosjektet i Bergen, med vekt på å spreia denne både internt i organisasjonen og eksternt til andre som ønskjer å jobba nærare med tiltaket
- kontakt med nye skular som ønskjer å gå i gang med Hjartesone-arbeidet, mellom anna i Nordhordland, Voss, Luster og Sunnfjord
- kurs for barnehagelærarutdanninga ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal
- fleire trafikkdagar ut mot barneskular, særleg på vårparten
- skulestartsaksjonar med vekt på å ta omsyn til skulebarna, saman med politiet på Nordfjordeid og i Bjørnafjorden
- mediearbeid inn mot skulestart, mellom anna i form av pressemeldingar om Klipp hekken og oppmoding til trafikantane om å syna varsemelding i samband med skulestart (fleire kommunar, lokalaviser og NRK følgde opp med omtale).
- deltaking i fylkeskommunen si samarbeidsgruppe om russefeiring saman med mellom anna politiet, helsestasjon for ungdom og Vestland fylkeskommune
- foreldremøte for russeforeldre i Vestland fylke gjennomført i Bergen, digital sending til heile fylket
- fleire trafikk- og førebyggingsdagar for ungdomsskular og vidaregåande skular
- filmframsyning med tilhøyrande undervisningsopplegg ved om lag 30 vidaregåande skular kringom i fylket
- russerebusar 28. april (Voss) og 3. mai (Bergen og omegn)
- kontakt med skular som har trafikk som valfag (retteleia lærarar og oppmoda til vidareutdanning for nye lærarkrefter)
- mange trafikkdagar i løpet av året både i eigen regi og saman med andre aktørar, for ungdomsskulen/vidaregåande
- kurs for helsesjuepleiarar i Bjørnafjorden kommune om sikring av barn i bil
- møte med kollektivselskapet Skyss, fylkeskommunen og kommunekontaktar for heile Vestland, med temaet særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, der TT hadde innlegg og orienterte om ny brosjyre som verktøy og retteleing
- retteleing for fleire skular som ønskjer å leggja til rette for ny hjartesone



▲ Skulestartaksjon på Nordfjordeid. Foto: Trygg Trafikk.

- jamleg orientering om Barnas Trafikkklubb og Sykkeldyktig.no som læringsressurs for barnehagar og skular, i samtalar, møte eller anna med barnehagar, skular eller kommunar
- nettverkssamlingar for trafikk som valfag i Bergen og Sogndal, høvesvis 18. og 19. oktober
- vesentleg utsending av refleksmateriell til barnehagar, skular og helsestasjonar med fleire i perioden september–desember
- omfattande kontakt ut mot barnehagar, skular og FAU/SU om aksjonar, undervisning og tips og rettleiing til aktivitet, særleg kring refleks
- verdiseminar for russerådet i Vestland 2. desember, med representantar frå så godt som alle dei vidaregåande skulane i fylket (i samarbeid med fylkeskommunen, politiet, helsestasjon for ungdom med fleire)
- «Ville veier og vrang skilt» med om lag ti skulebesøk i perioden på vegner av Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk
- distribuert om lag 10 000 aktivitetshäfte til barnehagar og skular, i hovudsak gjennom Trafikksikker kommune-samarbeidet, men litt utover det òg
- opna for Feide-tilgang i 42 av 43 vestlands-kommunar for Sykkeldyktig.no og 38 av 43 for valfaget trafikk

MÅL 1.1

Barn og ungdom skal ferdast trygt i trafikken

Trygg Trafikk bidreg til at alle får ein trafiksikker oppvekst. Me jobbar for å få fram kor viktig det er med trafikkopplæring, og informerer om korleis barn skal sikrast rett i bil og buss. Som pådrivar er me særleg opptatt av at skuleveggar vert tilrettelagde for gåande og syklistar, og at det vert etablert sikre soner rundt skulane. Me gjev rettleiing rundt særleg farleg skuleveg og er pådrivar for at barn og ungdom er lovmessig sikra under skuletransport – og for at lag og foreningar utarbeider ein i egen reisepolicy.

MÅL 1.2

Barnehagar og skular gjennomfører systematisk trafikktryggingsarbeid

Trygg Trafikk tilbyr barnehagar og skular oppdaterte læringsressursar og kurs med innhald som òg inkluderer foreldra som målgruppe. Læreplanforståing og pådrivararbeid står sentralt. Me når breitt ut til alle, og innsatsen gjennom Trafiksikker kommune vert prioritert. Gjennom dette arbeidet sikrar me at barnehagar og skular driv systematisk trafikktryggingsarbeid.

MÅL 1.3

Barn og ungdom engasjerer seg i temaet trafikktryggleik

Trygg Trafikk er ein pådrivar for at barn og unge engasjerer seg i det lokale trafikktryggingsarbeidet. Gjennom Trafiksikker kommune bidreg me til at trafikktryggleik vert tema i elevråda ved skulane og i dei kommunale ungdomsråda.



▲ Nettverkssamling for trafikk som valfag i Sogndal. Foto: Trygg Trafikk.



HOVUDOMRÅDE 2 >

Ansvarlege og kompetente trafikantar

Trygg Trafikk har eit vedtektsfesta ansvar for at informasjon om trafikktryggleik vert gjennomført som eit ledd i ein samordna innsats mot trafikkulykkene. I tiltaka våre står arbeid med haldningar og åtfærd sentralt, og me skal sikra at trafikantane har kompetanse og motivasjon til å oppføra seg trygt og sikkert. I dette førebyggjande arbeidet legg me vekt på kunnskap, risikoforståing og vurderingsevne. Gjennom folkeopplysing er me ein tydeleg aktør som bidreg til å høgna tryggleikskulturen i trafikken. Førarar av motorvogn har i utgangspunktet gjennomført ei forskriftsfesta opplæring. Trygg Trafikk vil vera med på å sikra at denne opplæringa vert best mogleg, og at kompetansen vert heldt ved lag og utvikla gjennom heile livet. Bruk av personleg tryggleiksutstyr bidreg til å hindra ulykker og redusera skadeomfanget. Det vil framleis vera behov for å påverka alle trafikantgrupper til å bruka tryggleiksutstyr rett og utøva godt samspel i trafikken.

Nasjonale trafikktryggleikskampanjar er eit strategisk viktig verkemiddel i nullvisjonsarbeidet vårt. Hovudmålet med kampanjane er åtfærdsendring som bidreg til å redusera talet på drepne og hardt skadde i trafikken. I kampanjane våre tar me i bruk fleire verkemiddel for å få trafikantane til å endra åtfærd, og me skal prioritera trafikktryggleikstema som har størst potensial for å redusera talet på drepne og hardt skadde i trafikken. Åtfærdsendring tar tid og er krevjande. Dei nasjonale kampanjane må difor vera langsiktige satsingar som er fagleg funderte. I tillegg til informasjonsarbeid og kampanjar om sykkelhjelm, refleks og sikring av barn i bil, er viktige tema i åra framover fart, rus og manglande merksemd. Me må i endå større grad retta oss mot dei målgruppene som er mest utsette for risiko.

MÅL 2.1

Befolkninga tar val som fører til færre ulykker og skadar

MÅL 2.2

Trafikantane har risikoforståing og kunnskap om trafikktryggleik

MÅL 2.3

Trafikantane brukar tryggleiksutstyr





Aktivitetar i 2022

- Minnemarkeringa vart utarbeidd saman med A-media og gjennomført digitalt, som interaktiv sak, på grunn av smittevernomsyn kring covid-19 ved starten av året.
- Framleis refleksutsendingar på nyåret. Me sende ut vel 20 000 refleksar i løpet av reflekssesongen, særleg til helsestasjonar, barnehagar og skular.
- Me lanserte ein elsparkeykkelkampanje saman med Vestland fylkeskommune og Bergen kommune. Kampanjen går i hovudsak på Instagram og Snapchat og har fått svært gode tilbakemeldingar og mange visningar så langt. Det var snakk om ein kvart million første veka. Eit byrå fylkeskommunen har leigd inn, har følgd opp det operative i kampanjen.
- Det vart laga ei eiga landingsside for kampanjen: elsparkejungen.no.
- Me hadde digitale kampanjar knytte til sykkelhjelm og sikring av barn i bil første halvdel av året, og kampanjar knytte til sykkellys og refleks i løpet av andre halvdel av året.
- I tillegg til digitale kampanjar satsa me òg på fleire praktiske og utoverretta aksjonar kring refleksutdeling og sykkellys på seinsommaren og hausten.
- Me samarbeidde tett med Vestland fylkeskommune om felles refleksarbeid hausten 2022, deriblant:
 - felles administrasjon av refleksmateriell
 - felles bestilling av refleksmateriell (Vestland fylkeskommune betalte for felles refleksmateriell)
 - koordinering og distribusjon av refleksmateriell (om lag 20 000 refleksar i perioden, i hovudsak gjort av Arne Aase og Kjell Sandal)
- Med Miljøløftet samarbeidde me om ein digital kampanje kring bruk av sykkellys.
- Med Syklistenes Landsforening samarbeidde me om bruk av sykkellys og refleks.
- Saman med politiet hadde me felles gladkontroll om bruk av sykkellys som påbode utstyr.
- Refleksdagen vart markert på Nordfjordeid saman med politiet, Statens vegvesen og Stad kommune. Målgruppa var elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen.
- I Bergen vart Refleksdagen markert på Torgallmenningen saman med Vestland fylkeskommune og fylkespolitikarar i samferdselsutvalet (SAMO) og trafikktryggleiksutvalet (FTU), i tillegg til Syklistenes Landsforening.
- Me arbeidde for å nå ut i media med informasjon om sykkellys og refleks, mellom anna med NRK-intervju på Refleksdagen.

MÅL 2.1

Befolkninga tar val som fører til færre ulykker og skadar

Trygg Trafikk utviklar og gjennomfører tiltak som verkar inn på faktisk åtferd i trafikken, uansett framkomst-middel. Me samarbeider med andre aktørar for å påverka planlegging og utvikling av infrastruktur, regelverk, teknologi, opplæring, overvaking og straffereaksjonar, med mål om å førebyggja ulykker. Arbeidet omfattar å skapa forståing for at avgrensingar av personleg fridom kan vera til det beste for fellesskapet.

MÅL 2.2

Trafikantane har risikoforståing og kunnskap om trafikktryggleik

Trygg Trafikk formidlar kunnskap om risiko og korleis ein kan redusera denne. Trafikantane skal ha kunnskap om effekten av dei viktigaste trafikktryggleikstiltaka. Med opplærings- og informasjonstiltak bidreg me til at alle vert meir medvitne på ting og hendingar som kan utvikla seg til farlege situasjonar og ulykker. Me arbeider for ei tydeleggjing av regelverket for einskilde trafikantgrupper.



MÅL 2.3

Trafikantane brukar tryggleiksutstyr

Trygg Trafikk arbeider systematisk for å påverka befolkninga til å bruka personleg tryggleiksutstyr på rett måte. Me løftar temaet gjennom målretta kampanjar, informasjonsarbeid og rettleiing. Me er ein pådrivar for at styresmaktene stiller føremålstenlege krav til bruk av slikt utstyr.



▲ Refleksdagen 2022 på Nordfjordeid. Foto: Trygg Trafikk.



HOVUDOMRÅDE 3 >

Trafikktryggleik som samfunnsansvar

Trygg Trafikk har eit vedtektsfesta ansvar for å vera ein pådrivar for trafikktryggleik. Dette balanserer me med rolla som samarbeidspartnar for myndigheiter og andre aktørar. Policyen vår byggjer på kunnskap, sjølvstende og truverd og har eit tverrsektorielt og tverrfagleg perspektiv. Eit godt og heilskapleg trafikktryggingsarbeid krev ein systematisk innsats innanfor mange samfunnsområde og av aktørar lokalt, regionalt og nasjonalt. Trygg Trafikk er ein pådrivar for at avgjerdestakarar på alle forvaltingsnivå set trafikktryggleik på dagsordenen og i system, og at dei tar i bruk relevante verkemiddel. Det er eit nasjonalt mål at fleire skal gå og sykla (nullvekstmålet) utan at dette fører til fleire ulykker og skadar. Trygg Trafikk vil vera pådrivar for vidare satsing på å leggja betre til rette for gåande og syklende.

Kommunar og fylkeskommunar har eit viktig ansvar for innbyggjarane sin trafikktryggleik, mellom anna som vegeigar, skuleeigar, barnehageeigar og arbeidsgjevar. Trafikktryggleik er eit tverrfagleg område, og samordning av arbeidet er ei utfordring. Trafikksikker kommune og Trafikksikker fylkeskommune er godkjeningsordningar utvikla av Trygg Trafikk. Kriteria byggjer på eksisterande lovverk og er ei hjelp for kommunar og fylkeskommunar til å systematisera trafikktryggingsarbeidet på tvers av sektorar. Det er naturleg å knyta trafikktryggleik til folkehelsearbeidet som kommunane og fylkeskommunane gjer, der forebygging av skadar og ulykker er sentralt.

MÅL 3.1

Trafikktryggleik og trafikantretta arbeid skal synleggjerast og vektleggjast

MÅL 3.2

Styresmaktene prioriterer trafikktryggleik i relevante planar

MÅL 3.3

Aktørane i trafikktryggingsarbeidet har gode møteplassar og nettverk



Aktivitetar i 2022

- I løpet av året gjorde me eit omfattande arbeid inn mot Trafikksikker kommune som satsingsområde:
 - rekruttering av nye kommunar, einingsmøte med kommunar i prosess, høyringsinnspel til relevante planar og så vidare
 - godkjenning av Solund, Stad og Bjørnafjorden
 - tett samhandling med Vestland fylkeskommune om planar for komande år kring incentiv for å bli trafikksikker kommune og samarbeid for å nå ut til fleire
 - status ved utgangen av 2022: elleve godkjende kommunar og fem kommunar i prosess, med fleire kommunar aktuelle for oppstart
- Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland nærmar seg ferdigstilling. Me har samarbeidd tett med FTU-sekretariatet i møte og kome med ein del faglege innspel og innspel om relevante tiltak.
- Me har følgd opp fleire kommunar kring nye trafikktryggingssplanar, og me fører ei eiga oversikt med oppdatert info om status for kvar kommune.
- I Vestland fylkeskommune sitt Nettverk for mjuke trafikantar har me halde innlegg og Hjartesone og Trafikksikker kommune. Dette nettverket er i hovudsak eit møteforum for kommunane.
- Me har orientert hovudutvalet for samferdsel og mobilitet om Trygg Trafikk sitt arbeid, og i tillegg får fylkestrafikkutvalet jamlege orienteringar.
- I form av skriftlege høyringsinnspel eller ved deltaking i arbeidsgrupper/referansegrupper har me kome med innspel til trafikktryggingssplanar.
- Me har gjeve bistand og rettleiing kring Hjartesone i perioden, mellom anna i Luster, Vaksdal, Voss og Sunnfjord.
- Det har vore fleire samspeismøte om FTU-arbeidet i perioden, mellom anna med mål om å auka innsatsen og koordineringa mellom fylkeskommunen og fleire konsultative medlemmar. Samarbeidet er godt og nært.
- Me har hatt nettverkssamling for kontaktpersonar i Trafikksikker kommune.
- Det har vore trafikksikringskonferanse for heile Vestland fylke. Vestland fylkeskommune var hovudarrangør og Trygg Trafikk medarrangør. Godt samarbeid om planlegging og gjennomføring.
- Me har hatt utstrekt publikums- og mediekontakt i løpet av året, særleg i samband med opninga av ny motorveg mellom Os og Bergen (E39), der me mellom anna har uttalt oss om manglande ATK på strekninga.
- Det har kome inn fleire førespurnader året gjennom, og me har gjeve mykje rettleiing til publikum. Det har særleg vore bekymringar kring skuleveg, opplevd utryggleik, uforsiktig køyring og rettleiing kring moglege tiltak og vidare kontaktpunkt.

MÅL 3.1

Trafikktryggleik og trafikantretta arbeid skal synleggjerast og vektleggjast

Trygg Trafikk set trafikktryggleik på dagsordenen. Me er synlege og offensive i samfunnsdebatten og i mediebildet. Me er opptatt av breidda i trafikktryggingsarbeidet, men rettar merksemda spesielt mot dei trafikantretta tiltaka. Me påpeikar kva ny teknologi og sikre vegar med godt vedlikehald har å seia for trafikktryggleiken.

MÅL 3.2

Styresmaktene prioriterer trafikktryggleik i relevante planar

Trygg Trafikk er ein pådrivar for at styresmaktene prioriterer trafikktryggleik i alle relevante prosessar og planar. Me initierer og følgjer opp arbeidet med Trafikksikker kommune og Trafikksikker fylkeskommune. Me bidreg til at kommunale og regionale planar er tverrfaglege, og at dei heng godt saman med nasjonale mål.

MÅL 3.3

Aktørane i trafikktryggingsarbeidet har gode møteplassar og nettverk

Trygg Trafikk skapar møteplassar og nettverk. Me bidreg til kunnskapsformidling og betre samordning av trafikktryggingsarbeidet.



▲ Godkjenning av Bjørnafjorden kommune. Foto: Trygg Trafikk.



▲ Stand på TS-dagen. Foto: Trygg Trafikk.

Økonomi og finansiering

Trygg Trafikk utarbeider éin felles årsrekneskap for heile organisasjonen. Dette inkluderer Trygg Trafikk sine totale inntekter og kostnader i 11 fylke og i den sentrale organisasjonen. Årsrekneskapen vert revidert av BDO AS og godkjend av styret og landsmøtet i Trygg Trafikk.

Regionleiaren (og seniorrådgivaren) i Trygg Trafikk i Vestland får løn frå Trygg Trafikk sentralt. I rekneskapen til Trygg Trafikk Vestland ligg midlane frå Vestland fylkeskommune som dekkjer tiltak i fylket, reiser og kontorhald.

Aktivitetar	Overført frå 2021	Inntekter 2022	Kostnader 2022	Saldo 2022 blir overført til 2023
1 - Trygge og sikre barn	369	300 000	303 430	- 3 060
2 - Trafikksikker ungdomstid	1 513	500 000	527 626	- 26 113
3 - Tryggleik for fotgjengarar og sykklistar	8 405	800 000	762 031	46 374
4 - Systematisk trafikktryggingsarbeid	396	550 000	565 635	- 15 239
5 - Betre trafikksikring og trafikksikker åtfærd	7 408	50 000	54 305	3 103
92 - Hjartesonar	290 009	- 148 349	141 660	-
99 - Reise, kontor og administrasjon	- 13 984	300 000	285 023	992
TOTALT	294 115	2 351 651	2 639 709	6 057



Me ønskjer å nå ut til relevante målgrupper, som ungdom og eldre, gjennom mellom anna tettare samarbeid med medverknadsorgan som Vestland ungdomsutval og fylkeseldrerådet.

Framtidige behov og moglegheiter

Vestland fylkeskommune har fått på plass nytt handlingsprogram for trafikktrygging for perioden 2022–2025, der både fylkeskommunen sine egne tiltak og tiltak frå Trygg Trafikk er inkluderte. Her er det fleire svært viktige og relevante mål som krev innsats dei komande åra. Til dømes skal me innan utgangen av planperioden ha 24 godkjende kommunar i Trafikksikker kommunesamarbeidet og leggja til rette for at minst 36 kommunar har gyldige trafikksikringsplanar. Desse måla er ei fylkesvis tilpassing av liknande målsetjingar for Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg for same periode. I tillegg ønskjer me å nå ut til relevante målgrupper, som ungdom og eldre, gjennom mellom anna tettare samarbeid med medverknadsorgan som Vestland ungdomsutval og fylkeseldrerådet. Samarbeidet her vil verta koordinert saman med Vestland fylkeskommune.

Summen av mange viktige satsingar i handlingsprogrammet for trafikktrygging gjer at me ser trong for organisering av eit prosjekt dei komande åra, der ein mellom anna vil ha betre tid både til å stimulera fleire kommunar til å vera trafikksikker kommune, følgja opp dei som er det, og samtidig undersøkje moglegheita for tettare samarbeid med frivillige, lag, foreiningar og kommunale medverknadsorgan. Føremålet med eit slikt samarbeid vil frå vår side vera å stimulera til meir trafikantretta trafikksikringsarbeid i Vestland.

Noreg er framleis det mest
rafikksikre landet i verda. Det norske
trafikktryggingsarbeidet fungerer,
og verda ser til den norske samarbeids-
modellen for inspirasjon.

Det har me all grunn til å vera stolte av,
men me kan ikkje senka skuldrene og
la trafikktryggleik verta ein salderingspost.

Dei politiske måla fram mot 2030 er
ambisiøse og vil krevja forsterka innsats
og modige val. Trygg Trafikk vil framleis
vera ein pådrivar for å sikra at
trafikktryggleik vert prioritert.

Jan Johansen
direktør i Trygg Trafikk



TRYGG TRAFIKK VESTLAND
Postboks 7900
5020 Bergen

Tlf.: 41 20 61 32
nestas@tryggtrafikk.no

TRYGG TRAFIKK
Tullins gate 2
Postboks 277 Sentrum
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40
hovedkontor@tryggtrafikk.no
www.tryggtrafikk.no